



## ENDRINGAR I FORSKRIFT OM FORELDREBETALING

### Barnehage - søknad om redusert foreldrebetaling

#### Generelt

Målet med forskriftsendringa er å innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehage.

Den nasjonale ordninga går ut at eit hushald ikkje skal betale meir enn 6% av inntekta si for ein barnehageplass. **I 2017 gjeld det for hushald som har samla inntekt som er mindre enn kr. 500 500.** Foreldrebetalinga skal reknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Som eit hushald vert ektefelle, sambuarar og registrerte partnarar rekna. Det vil seie at grunnlaget er frå føresett som søker og ev. ektefelle/sambuar/reg.partnar, sjølv om denne ikkje er føresett til barnet.

Dersom eit barn bur fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Det er kommunen som barnehagemyndede som har ansvar for å oppfylle foreldra sin rett til reduksjon, og endringane i forskrifta omfattar både kommunale og private barnehagar.

#### Gjeld barnehageåret

Vedtaket om redusert foreldrebetaling gjeld som hovudregel for eitt barnehageår. Føresette må sende inn søknad for kvart barnehageår, med ny dokumentasjon for inntekt.

#### Dokumentasjon:

Dokumentasjonskrav for inntektsberekning er sjølvmelding for det siste året. Dersom søker har skattepliktige kapital- eller personinntekter som ikkje står på den førehandsutfylte sjølvmeldinga, pliktar ein å opplyse om desse, slik at inntektsgrunnlaget blir spegla i den faktiske skattepliktige person- og kapitalinntekta. Skattepliktige kapitalinntekter er m.a. renteinntekter, aksjeutbyte, gevinst ved sal av eigeidom og lausøyre, leigeinntekter, bruksrettar i kapital og vederlagsfri bruk av andre sine eigeidelar.

#### **20 timar gratis opphaldstid for 3,4 og 5 åringar med låg inntekt dvs. mindre enn kr. 428 000.**

Frå 1. august 2017 har alle 3,4 og 5 åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med låg inntekt rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen per veke. Denne ordninga gjeld for familiar eller hushald som har ei samla årsinntekt som er mindre enn kr. 428 000.

Utdanningsdirektoratet har meir informasjon om redusert foreldrebetaling sjå [www.udir.no](http://www.udir.no)



Søknadsskjema er tilgjengelig på heimesida til Volda kommune  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**NB! hugs å endre søknadsskjema til rett bhg.år dvs. bhg.år 2017/2018.**

Barnehagen barnet går i vil få melding om reduksjon i pris etter at søknaden er handsama, og beløpet blir då trekt frå foreldrebetalinga.

**Søknadsfrist for barnehageåret 2017/2018 er 1. juli 2017**

Søknader som kjem inn etter frist vert handsama etter kvart med vedtak frå og med den første heile månad etter søknadstidspunktet.

Bodil Brautaset  
Fagkonsulent- barnehage